



Biletet frå Ragnvald Myklebust av det han meiner er ein forhistorisk skapning har utløyst denne kommentaren frå Jostein Grov om fonna i Eikedalen:

'Her som elles i livet kjem det an på auga som ser.

Me på Nausthaugen 7, med eit snev av royalistisk interesse intakt, har i dei åra me har budd her, alltid kalla fonna for Dronninga.

Frå vår synsstad er det tydeleg å sjå henne skrida langs fjellsida, med slepet etter seg og krone på hovudet'

Einar Gjertsen opplyser at fonna vart kalla Skjortefonna i gammal tid.

Han har og høyrte at dette er 'Mannen i Manen'.